

Årsmelding for Nordmøre spelmannslag for 2011

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Magnar Almberg	leiar
Rolf Holte	nestleiar
Arnstein Brevik	skrivar
Peder Hønsvik	kasserar
Solveig Sandvik	styremedlem

Helge Husby har vore musikalsk leiar.

Siste året har vore eit aktivt år for spelmannslaget. Det har vore 3 styremøte med til saman 13 nedskrivne saker.

Det meste av sakene som har vore til handsaming, har handla om spelejobbar, kappleik og ikkje minst cd-innspeling. Cd-innspelinga var den 9. – 11. desember 2011, det var ei hard og vellukka helg. Om alt går etter plana vert cd-en sleppt på fylkeskappleiken i Surnadal 21. – 22. april 2012.

Laget kan i år (2012) feira 80-årsjubileum, dette blir markert under kappleiken i Surnadal.

I 2011 var kappleiken i Valldal, og Nordmøre spelmannslag vann klassa for lag.

Av arrangement vi har vore med på, kan nemnast konsert i Tingvoll kyrkje 18. juni og opning av kulturhuset i Aure 15. september.

Som vanleg nemner eg saker som har vore handsama, og som ikkje har vorte noko av: Shetlandstur.

Almberg, 17.3.2012

Magnar Almberg, leiar